

Møtebok
frå
utdanningsutvalet

Møtested: AR T-401
Tid: 23.05.2018 kl. 9:00 - 11:30

Fylgjande faste medlemmer møtte:

Turid Borgen
Olaf Eggestad
Lene Hoff
Dag Husebø
Sara Jalali
Mads Kapstad
Lars Atle Kjøde
Ketil Knutsen
Helge Bøvik Larsen
Marit Aamodt Nielsen
Bjørg Frøysland Oftedal
Brita Strand Rangnes
Jon Tømmerås Selvik

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Marthe Mæland

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Sindre Johansen

Frå administrasjonen møtte:

Veslemøy Hagen
Marit Cecilie Farsund
Stig Atle Selmer-Andersen
Eilef Johan Gard

Møtet vart leia av Dag Husebø

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU 12/18	Innkalling		
UU 13/18	Godkjenning av møtebok frå 7. februar 2018		15/01302-60
UU 14/18	Strategisk tema: Oppfølging av resultatata frå Studiebarometeret 2017		
UU 15/18	Justering av forskrift om studier og eksamen ved UiS		17/01540-13
UU 16/18	Tema for fellesseminar for UU og LU 2018		15/02097-5
UU 17/18	Digitale pensumlister		18/03122-1
UU 18/18	Dekanvedtak om utredningstillatelse		16/00884-8
UU 19/18	Tilsyn med og revidering av studiene i 2018 og 2019 - orientering om pågående prosesser vedtatt av utdanningsutvalget		15/01302-59
UU 20/18	Status studiedatavarehuset		
UU 21/18	Andre orienteringssaker		15/02099-14
UU 22/18	Eventuelt		

Stavanger, 23.05.2018

Dag Husebø
Utvalseiar

Møteboka er godkjent i P360

UU 12/18 **Innkalling**

Vedtak:

Innkallinga vart godkjent. Sara Jalali fremja ei sak til eventuelt, om møtetid for utvalet.

UU 13/18 **Godkjenning av møtebok frå 7. februar 2018**

Vedtak:

Møteboka vart godkjent.

UU 14/18 **Strategisk tema: Oppfølging av resultatata frå Studiebarometeret 2017**

Veslemøy Hagen orienterte om plan for oppfølging av resultatata frå Studiebarometeret 2017. Det er gitt nokre forslag til tiltak som fakulteta vil verta bedne om å fylgja opp. Desse handlar om veiledning og tilbakemelding og internasjonalisering.

Deretter fekk prodekanane ordet for å orientera om oppfølginga ved sitt fakultet. Desse synta at der er gode prosessar for å arbeida med dei områda der Studiebarometeret 2017 avdekkta svake resultat.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 15/18 **Justering av forskrift om studier og eksamen ved UiS**

Veslemøy Hagen orienterte i saken. Der er behov for noen mindre justeringer i forskriften.

Vedtak:

Utdanningsutvalget slutter seg til utdanningsdirektørens forslag om endringer i Forskrift om studier og eksamen ved UiS, og anbefaler styret å vedta endringene som er foreslått. Endringene trer i kraft så snart som mulig.

UU 16/18 **Tema for fellesseminar for UU og LU 2018**

Dag Husebø innleia. Tema vart vedteke i LU dagen før. Utdanningsdirektøren vil førebu ein opplæringsdel for nye medlemmer I utvala, delt på LU og UU.

Vedtak:

Utvalet tilrår at «Sentrale utval i ny organisasjon etter 2019» skal vera tema for årets fellesseminar for læringsmiljøutvalet og utdanningsutvalet. Utvalet ber utdanningsdirektøren i samarbeid med prorektor om å førebu seminaret med omsyn til dei innspela som kom fram i møtet.

UU 17/18 **Digitale pensumlister**

Gitte Kolstrup innleia i saka. Ei arbeidsgruppe har sett på system for administrering av digitale pensumlister, og har gjennomført testar.

Per Kolstrup og Kari Hølland frå arbeidsgruppa orienterte om pilotprosjektet og presenterte ulike løysingar. Testinga vil fortsetja, før gruppa gir råd om innkjøp av system og implementering. Hovudkostnadene er knytta til å leggja inn pensumlistene i systemet. Biblioteket har søkt midler til ein stilling til biblioteket.

Ei digital løysing for handtering av pensumlister vil forenkla arbeidet for vitenskapleg og administrativt personale, for biblioteket og bokhandelen. Studentane vil få enklare og betre oversyn over pensum. Biblioteket vil leggja inn pensumlister for alle emne og slik gjera systemet klart til bruk for brukarane.

Utvalet ga ros til biblioteket sitt initiativ og støtta vidare testing.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering med dei kommentarane som kom fram i møtet.

UU 18/18 Dekanvedtak om utgreiingsløyve for nye og endra studier

Møteleiar opna for kommentarar til saka.

Helge Bøvik Larsen presiserte at det som var søkt om som ei reakkreditering av eksisterande program i geoscience er ei namneendring.

Utvalet diskuterte spørsmålet om tverrfaglighet opp mot reine fakultetsvise studieprogram. T.d. vil Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet etablera eit studium som omfattar samfunnstryggleik (Risk Analysis and Governance). Skal eit fakultet åleine etablera eit studieprogram som inneheld fag som finst ved andre fakultet? I dette tilfellet vart det grunna i at fagmiljøet i samfunnstryggleik er flytta til TN.

Utdanningsdirektøren kommenterte at styret kan gjera bestillingar til fakulteta om studieportefølje, men det beste er at det kjem frå fakulteta sjølv.

Dag Husebø la til at tverrfakultære studier vil verta sett positiv på.

Vidare diskuterte utvalet omfanget av studier. T.d. har Universitetet i Agder fleire bachelorstudier enn UiS, medan UiS har fleire masterstudier. Talet på årsstudier er redusert ved UiS. Dette er ei styrt utvikling.

Reduksjon av talet på bachelorstudier fører til større studentgrupper i undervising, noko som er ei utfordring for undervising og læring.

Utdanningsdirektøren peika på at det vil koma ei styresak om gjennomgang av profil.

Vedtak:

Utdanningsutvalget tek saka til orientering.

UU 19/18 Tilsyn med og revidering av studiene i 2018 og 2019 - orientering om pågående prosesser vedtatt av utdanningsutvalget

Veslemøy Hagen innledet i saken. Der er gode prosesser i gang ved fakultetene når det gjelder både gjennomgang av hele studieporteføljen og de tre tilsynspilotene.

Dag Husebø viste til Nokuts besøk i april i forbindelse med frokostseminaret om Studiebarometeret. Nokut er godt fornøyd med de prosessene som er satt i gang.

Vedtak:

Utvalget tar saken til orientering.

UU 20/18 Status studiedatavarehuset

Stig Selmer-Anderssen orienterte om arbeid med utvikling av datavarehus. Presentasjonen er tilgjengeleg på nett.

Vedtak:

Utdanningsutvalget tek saka til orientering.

UU 21/18 Andre orienteringssaker

Fylgjande saker stod på saklista og vart orientert kort om:

- Samarbeid med OsloMet om praksisportal.
- Internasjonalt senter.
- Status for arbeidet med kvalitetssystemet.
- Status sensur.
- EQF (det europeiske kvalifikasjonsrammeverket) revidert i 2017.

I tillegg vart det orientert om mogeleg streik ved UiS frå 24. mai. Utdanningsdirektøren har sendt melding til fakulteta om at 39 personar er tekne ut i streik og at fakulteta må leggja opp til så små konsekvensar for studentane som mogeleg.

Vedtak:

Utdanningsutvalget tek sakene til orientering.

UU 11/18 Eventuelt

Fylgjande sak var meldt til eventuelt:

Møtetidspunkt for UU. Sara Jalali føreslo at utvalet tek opp sak om å endra tid til ettermiddag og kanskje leggja til meir tid i møta.

Vedtak:

Problemstillinga vert teken opp i fellesseminaret.